



KS Sogn og Fjordane
v/ Frode Kyrkjebø
Postboks 321
6801 FØRDE

Vår ref: (oppgjør ved kontakt)
2017/3556 - 32748/2017

Dykkar ref.:

Saksbeh.: Stig Igland,
tlf: 57839873

FØRDE,
08.11.2017

Helse Førde HF - Rolle ved etablering av barnehusavdeling i Sogn og Fjordane

Ved etablering av ei barnehusavdeling kan Helse Førde HF stille til disposisjon to barnelegar i 40% stilling. Desse vil kunne vere tilgjengelig for medisinske undersøkingar så snart eininga blir etablert. Ved å ha to barnelegar i deltidstilling, vil ein kunne sikre fagleg kontinuitet.

Ein føreset at eininga blir ei avdeling under Barnehuset i Bergen. I starten kan det vere behov for ei funksjonsmessig fordeling mellom Barnehuset i Bergen og avdelinga i Sogn og Fjordane. Ut frå tilgjengeleg statistikk og erfaringstal, forventar ein behov for medisinske undersøkingar i størrelsesorden 150 - 200 saker pr. år.

Barnelegane vil samarbeide tett med representantar frå det medisinskfaglege miljøet ved Barnehuset i Bergen, og kan med fordel gjere seg nytte av allereie opparbeidd kompetanse ved Overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane. Det synes derfor føremålsteneleg at barnehusavdelinga blir samlokalisert med Overgrepsmottaket, som pr. i dag er organisert i det interkommunale selskapet SYS IKL som driv legevakt, kommunale akutte døgnseiger i tillegg overgrepsmottak for seksuelle overgrep og vald i nære relasjonar. SYS IKL har lokale i leigde lokale ved Førde Sentralsjukehus.

Legar ved barneavdelinga har noko relevant kompetanse knytt til denne typen arbeidsoppgåver, men det vil vere behov for å etablere ein langsiktig og systematisk kompetanseplan. Naudsynt kompetansebyggande tiltak kan vere: hospitering, deltaking på kurs/konferansar, praktisk/teoretisk undervisning og deltaking i faglege nettverk. I tillegg vil opplæring gjennom praktisk arbeid under fagleg veiledning frå barnelegar ved Barnehuset i Bergen vere ein viktig lærings-, refleksjons- og utviklingsarena.

Helse Førde HF vil ha kostnader knytt til:

- 2 x 40% stilling for barnelegar, samt sekretær 40% stilling (inkl. sos. utgifter)
- Naudsynt oppfølging frå barne- og ungdomspsykiatri
- Overheadkostnader
- Medisinsk teknisk utstyr
- Kurs/konferansar, hospitering og deltaking i faglege nettverk
- Veiledning frå barnelegar knytt Barnehuset i Bergen

Stipulerte årlege kostnader for Helse Førde vert ca 1.5 – 2 millionar kr årleg.



Helse Førde HF
Administrasjon

Besøksadresse:
Svanehaugvegen 2
6807 FØRDE

Postadresse:
Postboks 1000
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00
post@helse-forde.no

www.helse-forde.no

Org.nr: 983 974 732

I tillegg vil det vere kostnader knytt til lokale og driftsstøtte frå SYS IKL, m.a.

- Husleige
- Inventar
- Ulike løpande driftskostnadar

Med helsing

Børge Tvedt
Kst. adm. direktør

Olav Hesjedal
Direktør Medisinsk Klinikk

Stig Igland
Samhandlingssjef

Kopi: Sogn og Fjordane fylkeskommune